

KORTE KURS 2017

Søkjjar	Tiltak	Innstilling
Norsk landbruksrådgjeving Vest SA	<p><u>NLR Dynamisk strategi:</u> Rekneskapsundersøkingar tyder på at mange bruk har potensiale for auka inntening gjennom reduserte kostnader og auka inntekter. Driftsgranskingane i landbruket viser at bruk med same driftsomfang og produksjon har store variasjonar i driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital.</p> <p>Søkjjar meiner at ved å ta i bruk eit verktøy for systematisk gjennomgang av produksjonen på garden og rekneskapstala, kan fleire lære å vurdere og evaluere drifta på garden, og bli betre i den daglege leiinga av gardsdrifta og få betre økonomi i drifta. Prosjektet er lagt opp som eit kurs, der bonden som deltek må jobba seg gjennom eit fastsett program, og får oppgåver å utføra mellom møta. Deltakarane i NLR Dynamisk strategi arbeidar aktivt saman med rettleiar gjennom heile prosessen.</p> <p>Prosjektet har som mål at kvar deltakar skal auke resultatet på botnlina med minst 50 000 kr. Prosjektet vert drive av erfarne rådgjevarar som har utført over 30 NLR Dynamisk Strategi-prosjekt i Hordaland.</p>	32 000
	<p><u>Bonden som byggherre:</u> Kurs for alle som er i gang med å planlegge driftsbygg i landbruket eller som går med planer om å bygge på sikt. Kurset skal gje grunnlag for en god prosess i førekant av eit byggeprosjekt, samt sikre god gjennomføring. Hovedtema er bonden si rolle i dei ulike fasene i en bruksutbygging. Kurset skal innom dei fleste områda i byggeprosessen, frå idestadiet, med vegval og planlegging – til det meir praktiske som finansiering, konkurranseutsetting og HMS.</p> <p>Kurset skal gjere bonden meir merksam på si rolle i dei ulike fasane, og gje ein god byggeprosess, samt sikre god økonomiplanlegging og likviditet. Midlane skal gå til planlegging og utvikling av kursmateriell, marknadsføring, rekruttering av deltakarar, ein kursdag og evaluering.</p>	55 000
	<p><u>Ammekuproduksjon - grovfôrkvalitet og økonomi:</u> Kurset har som mål å sette deltakarane godt inn i detaljar kring fôrkvalitet gjennom sesongen og kva kvalitet dyra krev til ulike tider i året. Analyse av grovfôret produsert på garden vert ein viktig del av dette temaet. Optimal grovfôrproduksjon til ammeku som sikrar ein økonomisk berekraftig kjøtproduksjon basert på lokale arealresursar. Kurset vil innehalde markdagar, grovforanalyse og tolking av desse, førelesingar og planlegging på eige bruk.</p>	37 250
	<p><u>Seminar - Lagring av gulrot:</u> Heildagsseminar om lagring av gulrot i Lærdal hausten 2017. Kvalitetsforringing av gulrot på lager ei viktig problemstilling, som heng tett saman med arbeidet som vert gjort i samband med innhausting. NLR Vest ønskjer å invitere eksterne fagfolk innan grønsaker til fylket, slik at alle dyrkarar kan få høve til å heve kompetansen sin kring dette spørsmålet.</p>	20 000

	<p>Sogn og Fjordane har eit lite grønsakmiljø, hovudsakleg i Lærdal, men med erfarne dyrkarar som legg vinn på utvikling både i produksjon om omsetnad. Lærdal har eit topp moderne gulrotpakkeri og eit profesjonelt mottak som driv godt innan omsetning og profilering, men ligg ein langt unna dei store fagmiljøa i landet og kurs / kompetansehevingstiltak blir fort kostbare. NLR Vest SA har dei siste åra satsa på å bygge opp rådgjevingskompetanse på grønsaker og potet, og i regi av denne satsinga ønskjer dei å trekkje dyktige fagfolk til fylket for å auke kompetansen til våre dyrkarar.</p> <p><u>Fokus bringebær:</u> To-dagars seminar for bringebærprodusentar i Sogn og Fjordane med et variert utval av tema. Støtta skal gå til å leige inn gode føredragshaldarar. Fokus bringebær vart arrangert første gang i 2015, då var det ca. 60 deltakarar og det var gode tilbakemeldingar på programmet. Det er viktig å ha et slikt større seminar med jamne mellomrom for å få inn ny kunnskap og bygge opp om miljøet produsentane imellom. Målet er å skape en fast samlingsplass for dyrkarmiljøet i Sogn og Fjordane og sikre at ein får tak i dei beste fagfolka, og dermed den beste og nyaste kunnskapen om bringebær dyrking frå inn- og utland.</p>	30 000
<p>Sogn Jord- og hagebruksskule</p>	<p><u>Grip sjansen - sats på økologisk bringebær dyrking:</u> Kurs i økologisk bringebær dyrking med tema: marknad og føresetnader for satsing på økologisk bringebær, økologisk jordkultur som grunnlag for å lykkast, dyrkingssystem og debioregelverk og kvalitetssikring med kjøling, pakking og distribusjon ut i marknaden. Målet er å sette fokus på mogelegheitene i marknaden for økologiske bær og inspirere til omlegging til økologisk dyrking. Kurset er lagt opp som dagseminar og er eit samarbeid mellom Sogn Jord og Hagebruksskule, NLR Sogn og Fjordane og Føregangsfylket for økologisk frukt og bær. Kurset skal strøymast slik at deltakarar og kan følgje kurset utan å vere til stades i kurslokalet. Søkjar håpar at kurset vil bidra til meir fokus på økologisk dyrking av bær og at fleire vil vurdere å legge om til økologisk. Det er stadig fleire som vil kjøpa økologiske framfor konvensjonelle bær og om det ikkje finst norske økologiske bær så vil det opna for meir import.</p>	36 000
<p>Mo og Øyrane vgs</p>	<p>Jordbruksskulen skal arrangere åtte ulike kurs i 2017/2018. Seks av kursa er knytt opp mot ulike dokumentasjonskrav i næringa. Målet med kursa er at deltakarane får den kompetansen som næringa krev og har behov for, og at deltakarane får dokumentasjon og kursbevis på sine kvalifikasjonar.</p> <p>Gjennom det 2-årige samarbeidsprosjektet «Rett kompetanse tilpassa næringa sitt behov» 2014-2016, har skulen sett behov for å få på plass kurs det er krav om i næringa. Ein arrangerte difor fleire godkjenings- og sertifiseringskurs i 2016.</p> <p>Skulen har også fått på plass eit 3-årig prosjekt for å utvikle eit kompetansesenter for landbruksertifisering. Gjennom oppbygging av eit kompetansesenter for landbruksertifisering, vil skulen vere endå betre rusta til å kunne arrangere ulike korte kurs av høg kvalitet.</p>	230 600

Mo og Øyrane vgs har fått 180 600 kr. i tilskot for å gjennomføre følgjande kurs:

- Godkjenningkurs i bruk av motorsag for ungdom
- Traktorkurs
- Autorisasjonskurs i plantevern
- Grindverkskurs
- Kurs i Varme arbeid
- Grunnleggjande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar
- Kurs i Masseforflyttingsmaskin (maskinførarkurs)
- Truckkurs

I tillegg har Mo og Øyrane fått 50 000 kr. til eit kurs i tryggleik ved handtering av dyr, eit kurs som skal avviklast i samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving Vest SA. Føremål med kurset er å førebygge skader og ulukker i landbruket, med særleg vekt på handtering av store husdyr.

Sogn Jord- og hagebruksskule

Lærebok i ysting: I år 2000 starta Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) i samarbeid med Norsk Gardsost det modulbaserte kurset «Lokal foredling og omsetning av mjølk». Sidan oppstarten har snart 200 deltakarar gjennomført Modulkurset. SJH seier dei har sakna ei lærebok for faget, og sidan den ikkje fanst, var det naturleg for dei at det var dei som måtte stå for det arbeidet. Det kjem til å bli eit omfattande læreverk på om lag 475 sider og samanfattar kompetansen som er bygd opp sidan det første kurset i 2000. Prosjektet starta i 2012 men er delt i ulike fasar og søkjar seier dei er inne i den vanskelege sluttfasen.

48 948

Det som står att no er ei gjennomarbeiding av manuset for å få på plass alle detaljar, gjennomgang av illustrasjonar og bilete, og så sjølv prosessen med å få gjeve ut boka. Da er det språkvaske og gjennomlesing på nytt, utarbeide figurar og figur og bildetekstar. Læreboka skal bidra til bygge opp kompetansen til produsentane slik at dei kan utvikla produkt av høg kvalitet. Boka vil bli brukt som lærebok på kurs for nye handverksystarar, i undervisning av elevar på vidaregåande skule og som oppslagsbok for dei som allereie er i gang med ysting.

Gloppen ungdomsskule

Kurs i grunnleggjande vedlikehald og bruk av motorsag for elevar i grunnskulen: Kurset er ein del av faget Arbeidslivsfag. Målet med det faget er at elevar skal få erfaring med ulike utdanningsprogram i den vidaregåande skulen. Kurset vert gjennomført i år med finansiering frå fylkesmannen og kommunen. Det vert søkt om midlar til nytt kurs vinteren 2018. Søkjar håpar kurset kan vere med å auke rekruttering til naturbruk og skogbruk. Det vil også gje kompetanseheving til ungdom som kjem frå gardar der dei etter gjennomført kurs kan bidra til å styrkje verdiskapinga i landbruket. Vidare er målet at prosjektet skal auke elevane si interesse for og motivasjon for å arbeide med naturbruk / skogbruk. Uansett vil ei positiv oppleving gjennom eit slikt kurs auke omdømmet til landbruksnæringa hjå elevane

10 020

Speidaren i Jølster	<u>Opplæring av bruk av motorsag:</u> Speidarane i Jølster har skogsarbeid og utsiktsrydding som ein del av oppgåvene for å finansiere drifta og speidarturar. Speidarane ynskjer å halde kurs for både ungdomar og foreldre no i vår. Kurset er godkjendt som kompetansebevis for å bruke motorsag og det vert leigd inn instruktør. Etter gjennomføring av kurset kan speidarane ta på seg skogsoppdrag, mellom anna utsiktsrydding langs Jølstravatnet.	10 000
Kompetansenettverket Lokalmat v/Sogn Jord- og Hagebruksskule	<u>Det nye – skape nytt, utvikling og vekst gjennom god leiing i familiebedrifter:</u> Kurs med fokus på kommunikasjon og innsikt i eigen forståing for leiing, og få til utvikling i bedrifta ved å trene seg på å kommunisere effektivt. Kurset skal gjennomførast over 3 kursdagar hausten 2017 og våren 2018, med målsetting om å ha 40-60 bedrifter innan jordbruksproduksjon og lokal foredling gjennom programmet og gi dei eit verktøy for betring av intern kommunikasjon med målsetting om utvikling og vekst i bedriftene. Ein introduksjonsdag + eit kursopplegg over to dagar som oppfølging. Det er gjennomført eit testkurs i mars 2017 med god deltaking.	60 000
Tretema	<u>Trekurs:</u> Eit intensivkurs over 2 veker, og er eit obligatorisk kurs for 2. klasse ved Bergen Arkitekthøgskule. Kurset vil som tidlegare gje studentane ein skog- og trefagleg gjennomgang med hovedvekt på skjøtsel og bruk av lauvtreressursane i fylket, samt innblikk i gamle handverksteknikkar og materialkunnskap. Ynskja resultat er auka kunnskap og interesse for skog og tre og bruk av miljøvennleg tre i bygg blant studentar og andre kursdeltakarar.	25 000

LANGSIKTIGE PROSJEKT 2017

Søklar	Tiltak	Innstilling
Mo og Øyrane vgs skule	<u>Agronomutdanning for vaksne:</u> Starta i 2000, agronomutdanning over to år som let seg kombinere med full jobb. Opptakskrav: Vg1 naturbruk eller tilsvarande. Aldersgrense: 25 år. Vart tildelt 600 000 kr. i 2014 og 2015. Det vert tatt inn 15 nye elevar kvart år, slik at det kontinuerleg er ein klasse som går første året og ein klasse som går andre og siste året. Til saman 30 elevar.	600 000
	<u>Auka rekruttering til naturbruksutdanning i Sogn og Fjordane:</u> 3 årig rekrutteringsprosjekt starta i 2014. Fekk støtte i 2014 og 2015. Mål med prosjektet: Koordinere og gjennomføre ulike rekrutteringstiltak som til saman skal gi fleire søkarar til grøn naturbruksutdanning. Tiltaka er retta mot ungdomsskulane i heile fylket.	350 000

Næringa utviklar seg meir og meir i ei teknologisk retning som krev høgare kompetanse utover agronomutdanning. Målet er å få eit heiltids fagskuletilbod frå skuleåret 2019/2020 som kan vere attraktivt for nyutdanna agronomar som ynskjer å fordjupe seg vidare på eit høgare nivå, men det kan også vere aktuelt for andre som er i næringa som ynskjer ei vidareutdanning i fagfeltet sitt. Arbeidet blir i samarbeid med Fagskulen Innlandet. Det praktiske opplegget er ikkje spikra, men ein ser føre seg at det vert korte samlingar som skal gå føre seg på Mo og Øyrane vgs. kombinert med fjernundervisning.

70 000

På Sogn jord- og hagebruksskule har dei inne ein søknad om godkjenning av eit fagskuletilbod i økologisk landbruk i samarbeid med Fagskulen Innlandet. Elles er det ikkje tilbod om fagskuleutdanning i tradisjonelt landbruk i nokon av dei tre vestlandsfylka. Det er difor marknad for å rekruttere søkjarar frå ein større region enn Sogn og Fjordane.

Eit fagskuletilbod vil også vere med på å auke rekrutteringa til landbruksnæringa, der ein treng utdanning av fagfolk på eit høgare nivå enn agronom. Eit fagskuletilbod vil også vere eit steg vidare til å kunne ta vidare fordjuping på bachelor- eller mastergrad på ein høgskule/universitet. Utviklinga går mot store driftseiningar i mjølkeproduksjonen med ei stor grad av teknologistyring, og vil vere eit godt tilbod som tilleggsutdanning både for nyutdanna agronomar og praktiserande bønder.

**Sogn og Fjordane bondelag
v/Anita Sæter**

Framtid i landbruket: Hovudmålsetninga er at ungdom skal få kjennskap til og sjå moglegheiter i landbruksnæringa i Sogn og Fjordane og sikre framtidig kompetanse for produksjon og foredling. Starta i 2010, Prosjektet vart starta opp i samarbeid med grunnskulen i Nordfjord, og har seinare blitt utvida til å gjelde 4 kommunar i Sunnfjord, samt Balestrand i Sogn. Våren 2017 får vi også med ungdomsskular i Hafslo og Årdal. Frå og med skuleåret 2017/2018 ynskjer Bondelaget å utvide tilbodet til ungdomsskular i Sogndal, Luster, Leikanger, Vik, Lærdal og Aurland. Opplegget vert integrert som ein del av undervisninga. Ulike opplegg for kvart klasses-trinn.

130 000